



Høgskolen i Telemark
Fakultet for allmennvitenskapelige fag

SLUTTPRØVE

2112 SPRÅKET I UTVIKLING OG VARIASJON

21.05.2013

Tid:	5 timar
Målform:	Nynorsk
Sidetal:	3 (inkludert denne)
Hjelpemiddel:	Ingen
Merknader:	Kandidaten skal svare på begge dei to oppgåvene. Under oppgåve 1 vel kandidaten eitt av to alternativ. Oppgåve 2 skal svarast på av alle. Oppgåve 1 tel 2/3, oppgåve 2 tel 1/3. Begge oppgåvene må vere bestått for å få ståkarakter på sluttprøva.
Vedlegg:	"Hva skal du gjøre til sommeren (Gosen og reven)" (1 side)

Sensuren finn du på StudentWeb.



Oppgåve 1 – vel anten språkhistorie eller målføre/sosiolingvistikk (tel 2/3)

Anten

Språkhistorie

Gjer greie for ulike haldningar til språk som har prega den norske språkdebatten på 18- og 1900-talet. Kva for konkrete utslag har desse haldningane ført til i utviklinga av dei to norske skriftmåla?

eller

Målføre og sosiolingvistikk

Oppgåva er todelt. Du skal svare på både a) og b)

a) Gjer greie for resultat av språkkontakt.

I svaret bør du vise til emne som kodeveksling, lån, framvekst av nye varietetar, språkskifte og språkdød.

b) Kva for hovudtendensar ser ein i talemålsutviklinga i Noreg i dag?

Det er fint om du viser konkrete døme i svaret, men plasser eventuelt slike døme inn i ei overordna fagleg ramme ved å kople dei til teoristoffet.

Oppgåve 2 - obligatorisk (tel 1/3)

Norsk som andrespråk

Gje ein oversikt over ulike feiltypar som kan opptre i ein mellomspråkstekst, og dei viktigaste bakgrunnane for slike feil. Analyser den vedlagte mellomspråksteksten ut frå dette perspektivet.



Tyrkisk jente, 2. klasse, etter 3 år i Noreg. Oppgåva var "Hva skal du gjøre til sommeren?"

1. Yak skal leke gosen og reven kanse vi kan rese til
2. turkiya. Eler skal vi vere i norge kanse vi kan go
3. til busøk. Kanse yak skal lave burøde de er beste yg liker
- 4 o yøre de er o lave berø. Yak skal se på bøker. Der o yøre
5. o site i girese. Der ose i baneteve kanse vi
6. kan leke. Hayen komer kan vi leke.
7. Else kan vi lave telt i gon o site Vi kan hente
8. mat til o sipise. lave lekene før der gøy o lave
9. lekser eler kan jeg teyne kos og reven

Ei normert tolking kan vere: Jeg skal leke *Gåsen og reven*. Kanskje vi kan reise til Tyrkia. Ellers skal vi være i Norge. Kanskje vi kan dra på besøk. Kanskje jeg skal bake brød. Det er det beste jeg liker å gjøre, det er å bake brød. Jeg skal lese bøker. Det beste jeg liker å gjøre, det er å sitte i gresset. Det er å se på barne-tv. Kanskje vi kan leke. *Haien kommer* kan vi leke. Eller så kan vi slå opp telt i gården og sitte (der). Vi kan hente mat og spise. (Vi kan) gjøre leksene, for det er gøy å gjøre lekser. Eller jeg kan tegne *Gåsen og reven*.

Kort omtale av tyrkisk

Slektskapstilhøvet til andre språk er uavklara (tidlegare gruppert saman med bl.a. finsk og samisk). Latinsk alfabet sidan 1928 (før: arabisk).

Syntaks:

- SOV (men kan fråvikast for å markere tema/rema)
- leddsetningar er lite brukte (jf. om infinittkonstruksjonar nedanfor)
- preposisjonar finst ikkje, derimot postposisjonar
- subjekt blir ofte utelate (sidan verbet har personbøying)
- ikkje indirekte tale

Morfologi:

- sterkt syntetisk språk, og segmenterbare morfem
- substantiv har kategoriar for kasus, eigartilhøve, tal - ikkje for bunden/ ubunden form adjektiv blir ikkje samsvarsbøygde
- personleg pronomen blir bøygde i kasus, men ikkje kjønn (o "han/ho/det")
- verb: kategoriar for tempus, aspekt, person; vidare for om handlinga er sjølvopplevd eller referert; infinitte former (partisipp, infinitivar) blir brukte tilsvarande leddsetningar

Uttale:

- 8 vokalfonem: manglar /æ/ og /u/, til gjengjeld <ü> (bakre, trong, urunda)
- distinktiv (tydingsskiljande) konsonantlengd; vokallengd er uviktig
- vokalharmoni: kvaliteten på endingsvok. avheng av kvaliteten på vok. i stammen
- stavingsstruktur: bare ein konsonant framfor vokalen. Låneord med konsonantgruppe
- får vokal (vokalharmoni) framfor eller inni kons.gruppa